



KIPERVIKA EIENDOM AS  
Keiser Wilhelms gate 22  
6003 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## Kipervika Eiendom AS - Vedtak om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Kipervika (Sørsida) i Ålesund kommune

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Kipervika Eiendom AS løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Kipervika (Sørsida) i Ålesund kommune. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.**

**Vi varslar eit gebyr på kr 133 000 for sakshandsaminga.**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad om løyve etter forureiningslova innsend 07.02.2024 og revidert 25.06.2024.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Kipervika Eiendom AS utsleppsløyve til utfylling i sjø ved Sørsida/Kipervika i Ålesund kommune. Løyvet er gjeve med heimel i *Lov om vern mot forurensning og om avfall* av 13.03.1981 (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda om løyve skal gjevast og ved fastsetting av vilkåra, lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemperne ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Det er sett vilkår for løyvet.

Løyvet kan ikkje nyttast før det føreligg naudsynte løyve etter plan- og bygningslova og hamne- og farvasslova.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringsøknad må difor føreligge i god tid før endringa ynskjast gjennomført.

At forureininga er tillate, fritek ikkje for erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

### Bakgrunn

Norconsult Norge AS sende 06.02.2024, på vegner av Kipervika Eiendom AS, inn søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Kipervika (Sørsida) i Ålesund. Revidert søknad med nokre



oppdaterte mål på fyllinga vart send inn 07.02.2024, og det var denne reviderte søknaden som vart send på høyring i februar/mars.

Utfyllinga skal gjerast for å etablere eit nytt byområde som skal byggast ut.

Det var i revidert søknad av 07.02.2024 planlagd ei hovudfylling (fylling A) på 262 500 m<sup>3</sup> og eit areal på 20 000 m<sup>2</sup>. For å unngå å måtte mudre i forureina sediment skulle det òg etablerast to motfyllingar. Den eine av desse (fylling B) skulle vere på 11 000 m<sup>3</sup> over eit areal på 2 200 m<sup>2</sup>. Den andre motfyllinga (fylling D) skulle vere på 7 000 m<sup>3</sup> over eit areal på 1 600 m<sup>2</sup>. I tillegg skulle det etablerast ein anleggsveg (fylling C) ved utfylling med 25 000 m<sup>3</sup> over eit areal på 3 100 m<sup>2</sup>.

25.06.2024 vart det send inn nokre revisjonar av søknaden, mellom anna basert på innspela under høyringa (sjå seinare avsnitt for oppsummering av høyringsinnspela).

Etter revisjonen i juni omfatta søknaden utfylling med totalt 262 000 m<sup>3</sup>, der fyllinga ikkje skulle gå så langt ut som det som opphavleg vart søkt om. Resterande utfyllingsvolum var det oppgitt at ville verte søkt om seinare. Arealet det vart søkt om å fylle ut no var det same, dette på grunn av at tiltakshavar ynskja å få motfyllingane på plass. Det var altså berre hovudfyllinga som var redusert i omfang i denne revisjonen.

25.09.2024 vart det igjen send inn reviderte mål for tiltaket. Søknaden omfatta no ein «fase 1» av tiltaket, og det var opplyst at det vil søkast om ein «fase 2» ved ei seinare anledning. I «fase 1» vart det søkt om ei hovudfylling på 195 000 m<sup>3</sup> massar over eit areal på 16 500 m<sup>2</sup>. Vidare vart det søkt om ei motfylling i sørvest på 20 600 m<sup>3</sup> over 5 100 m<sup>2</sup>, ein omkøyringsveg på 25 000 m<sup>3</sup> over 4 500 m<sup>2</sup>, ei motfylling til omkøyringsvegen på 7 700 m<sup>3</sup> over 2 400 m<sup>2</sup> og ei 30-50 cm tjukk sandpute på 1 200 m<sup>3</sup> over 28 000 m<sup>2</sup>. Sandputa skal beskytte mot spreieing av forureina sediment frå sjøbotnen.

Ein siste revisjon av søknaden vart send inn av Norconsult 18.10.2024. Søknaden vart revidert på ny etter, etter kva vi forstår, nokre innspel frå hamnevesenet under planprosessen. Den siste revisjonen omfattar reviderte mål (volum og areal) og at det i tillegg til fyllingane skal etablerast ei mellombels kai i området. Det søkjast no om fyllingar med dei fylgjande måla, og det er desse vi har lagt til grunn i vårt vedtak: Hovudfylling på 165 800 m<sup>3</sup> over eit areal på 14 700 m<sup>2</sup>, motfylling i sørvest på 24 350 m<sup>3</sup> over 6 100 m<sup>2</sup>, omkøyringsveg på 25 000 m<sup>3</sup> over 4 500 m<sup>2</sup>, motfylling til omkøyringsvegen på 7 700 m<sup>3</sup> over 2 400 m<sup>2</sup> og ei «mogleg» motfylling til på 3 400 m<sup>3</sup> over 1 700 m<sup>2</sup>. I tillegg skal det etablerast ei sandpute for å beskytte mot spreieing av forureina sediment under tiltaket, og denne er det oppgitt at skal vere 30-50 cm tjukk og ha eit volum på 15 350 m<sup>3</sup> over eit areal på 30 700 m<sup>2</sup>. Sandputa er det oppgitt at skal dekke heile tiltaksområdet og opptil 10 m utanfor fyllingsfoten.

Statsforvaltaren fann det ikkje naudsynt å gjennomføre ny høyring av søknaden etter revisjonane, jf. forvaltingslova § 16 bokstav c, dette då tiltaket etter revisjon er det same som før, berre mindre i omfang.

I tillegg til sandpute anbefalar Norconsult at det nyttast siltgardin og utførast turbiditetsmålingar etter eit program nærare skildra i revidert søknad av 25.09.2024. Siltgardinets funksjon anbefalast kontrollert med droneovervaking. Dei anbefalar strengare krav til turbiditet ved tiltaksgjennomføring i gyteperioden og under dei tidlege oppvekstfasane til borgundfjordtorsken.

Utfyllingsmassane som er planlagd nytta i tiltaket er mellom anna sprengsteinmassar frå Statens vegvesen sitt tunnelprosjekt ved Breivika-Lerstad. Sandputa og dei fyrste delane av fyllinga vil verte



lagt ut frå lekter, men resten vil verte fylt ut frå land. Det er òg planlagt å etablere ein sjeté ikring tiltaksområdet i starten, dersom det er praktisk mogleg, slik at det kan fyllast ut bak denne.

Området som skal fyllast ut er del av tiltaksområdet for prosjektet *Renere fjord Ålesund*, som er eit oppryddingsprosjekt for forureina sediment i Ålesund hamn (jf. Rambøll sin reviderte tiltaksplan for prosjektet datert 01.11.2022). Tiltaksmetode i prosjektet er tildekking av forureina sjøbotn, og utfyllingstiltaket ved Kipervika må utførast i samsvar med dette.

### **Høyring og innspel**

Søknaden var på høyring fram til 10. mars 2024. Søknaden vart kunngjort i lokalavisa (Sunnmørsposten) og på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. I tillegg vart kopi av søknad send relevante høyringspartar for uttale. Vi fekk inn dei fylgjande uttalene og innspela:

#### Lars Fugledal (21.02.2024)

Fugledal syner til Miljødirektoratet si publisering av resultatata frå tilsynsaksjonen i 2023 som gjaldt tiltak med mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag. Han skriv fylgjande:

*Den viser at det kan være vanskelig å oppnå en god og stabil tildekking som gjør at forurensete materialer ikke lekker ut. Derfor burde forurenset masse bli fjernet.*

*Det forventes at Statsforvalteren sikrer at resultatet etter omsøkt utfylling ikke fører til brudd på miljøregelverket.*

#### Fiskeridirektoratet (22.02.2024)

Fiskeridirektoratet uttaler seg om fiskeri- og akvakulturinteresser og marint biologisk mangfald.

Fiskeridirektoratet peiker på at det er registrert eit område for fiske med passive reiskap (jukse/pilk og garn) nær tiltaksområdet, men dei vurderer at det aktuelle tiltaket i liten grad vil medføre direkte konsekvensar for dette. Det er ingen akvakulturlokalitetar i nærområdet.

Havforskningsinstituttet (HI) har registrert eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk i Aspevågen/Borgundfjorden, som omfattar tiltaksområdet. Feltet er oppgitt å ha mykje egg og stor retensjon av egg. Alle tiltak i området må vurderast opp mot gytefeltet, og det må takast omsyn til torsken sin gyting og tidlege livsstadium

Det er òg registrert fleire større tareskogforekomstar i nærområdet, verdivurdert som viktige. Dei næraste er ved Aspa, Bålholmen og Slinningsneset/Slinningstangflua, som ligg om lag 370, 450 og 900 meter unna tiltaksområdet. Direktoratet nemner Rambølls undersøking av tareskog i området i april 2023, som konkluderte med at «Det bør tilstrebes å hindre at tareforekomstene skades, som følge av tiltakene som skal gjerast i Aspevågen». Direktoratet peiker på at tareskogar er økologiske funksjonsområde for ei rekke artar og at dei er sårbare for nedslamming og redusert lystilgang som fylgje av partiklar i vatnet. Tareskogane kan vere oppvekst- og beiteområde for torsk og andre artar.

Fiskeridirektoratet ser det som svært negativt dersom viktige naturverdiar øydeleggjast eller miljøgifter spreia ut i naturmiljøet og utgjer ein fare. Det må gjerast tiltak for å forhindre spreiding av miljøgifter, skyteleidning og plastfiber ved arbeid som røyler ved sjøbotnen og det må berre nyttast reine massar til utfylling. Dersom det skal nyttast sprengsteinmassar frå område med sulfidhaldige bergartar, må det sjåast til at massane er reine før dei nyttast, for sulfidhaldige bergmassar kan ikkje betraktast som reine.



I gyteperioden og i perioden med tidlige livsstadium av torsk må det vurderast risikoreduserande tiltak. Fiskeridirektoratet opplyser gyte- og oppvekstperiode for torsk i området å vere frå 1. januar til 15. juni. Det visast til ei tidlegare uttale frå HI der det vart anbefalt å i størst mogleg grad leggje mudrings- og utfyllingstiltak nær gytefelt utanom gytetida og perioden der yngelen botnslår. Det varierer frå år til år når torsken kjem til Aspevågen for å gyte, men det kan enkelte år skje så tidleg som i slutten av desember. Fiskeridirektoratet ynskjer at det vurderast å leggje tiltaka utanom perioden 1. januar til 15 juni dersom tiltaka kan gjeve negativ påverknad på torskens gyting og oppvekst og at det nyttast siltgardin, overvaking, skånsam utlegging og berre reine massar.

Fiskeridirektoratet peiker på at sandputa som skal leggst ut truleg vil innehalde ein mindre del partiklar i finare fraksjonar, og desse kan medføre spreieing i vassøyla ved utlegging. Dei anbefaler difor at det utførast turbiditetsovervaking og nyttast siltgardin ved utlegging av sandputa.

#### Håkon Sætre – uttale nr. 1 (27.02.2024)

Sætre skriv at utfyllinga vil medføre at Ålesund mistar 400 meter med kaianlegg der båtar søker ly ved dårleg vêr. Området skildrast som det minst vêrutsette hamneområdet i byen, og det uttrykkast ynskje om at det ikkje fyllast igjen, også fordi kaia er ein del av identiteten til byen.

#### Håkon Sætre – uttale nr. 2 (28.02.2024)

Sætre skriv at tiltaket ikkje er i tråd med den gjeldande plana for området, og meiner det må ein omregulering til før utfyllinga kan starte. Sætre finn at saka er så stor at ein dispensasjonssøknad ikkje er nok og ynskjer at Statsforvaltaren avslår søknaden.

#### Ålesundregionens havnevesen (27.02.2024)

Hamnevesenet skriv at den aktuelle fyllinga, slik ho er skildra, medfører nokre uheldige konsekvensar.

Dei finn det problematisk at djupna ved den framtidige kaifronten vert redusert til 4 meter, noko som vil føre til at ingen skip kan nytte kaia. Løysinga utgjer dermed eit brot på den gjeldande områdeplanens planbeskrivelse, som føresett vidareføring av dagens bruk av Sjøgata til fortøyning. Det visast til punkt 4.12.2 i planen, datert 13.01.2015.

Vidare skriv hamnevesenet at skråfyllinga gjev innsnevring av bredda og djupna slik at det vert auka risiko ved sjøvegs ferdsel i eit viktig og mykje trafikkert område av Ålesund hamn. Dei peiker på at djupna til innseglinga vart auka i 2018 av Kystverket for å redusere slik risiko. Dei opplyser at både Sjøgata og nordre Stornespiren er hamner som er mykje nytta, mellom anna av fiskeflåten, hurtigruta, mindre cruiseskip og passasjerbåtar.

Hamnevesenet vurderer det som problematisk at utfyllinga vil gjeve ei fallskråning nedover i sjøen slik at djupna vert gradvis grunnare inn mot Sjøgata og delar av området dermed ikkje kan nyttast til ferdsel med båt. Dei meiner fyllinga vil introdusere ein risiko for grunnstøyting.

Hamnevesenet ber om at det nyttast metodar for utforming av fyllingsfront som bevarer den eksisterande djupna for båtane fullt ut. Dei gjer merksam på at utfylling i sjø i dette området er søknadspliktig til Ålesundregionens havnevesen.

#### Kystverket (29.02.2024)

Kystverket er ein nasjonal etat med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsel til sjøs og beredskap mot akutt forureining.



Dei skriv at dei ikkje kan sjå at utfyllinga slik ho er skissert vil få særskilde konsekvensar for ferdsla i næraste statlege farvatn (hovud- og bilei) eller andre sektoromsyn. Dei har ikkje særskilt å merke til søknaden. Dei oppmodar likevel tiltakshavar om å prosjektere utfyllinga i samråd med det lokale hamnevesenet for å sikre at funksjonelle kai- og hamnefunksjonar på tilgrensande areal vert vareteke. Dei gjer merksam på at tiltak som kan påverke ferdsel og tryggleik i farvatnet er avhengig av løyve etter hamne- og farvasslova § 14. Kystverket er klageinstans i sakar der kommunen fattar vedtak etter hamne- og farvasslova.

#### Ålesund kommune, generell uttale (08.03.2024)

Kommunen orienterer om at det i tilknytning til *Renere fjord*-prosjektet er planlagd tildekking av sjøbotnen i og ved det aktuelle utfyllingsområdet i Kipervika. Kommunen skriv at dersom området skal fyllast ut før prosjektet gjennomførast, er det viktig at tiltaka mot spreining er minst like gode som dei som er planlagd gjennom prosjektet. Det må sikrast at spreining hindrast, ikkje berre under anleggsarbeidet, men òg slik at forureininga vert gjort utilgjengeleg for frie vassmassar og biota «for all tid».

Kommunen nemner at det ved utlegging av tildekkingsmassar i nokre tilfelle kan vere utfordrande å kome heilt inntil fyllingsfoten, og for det totale resultatet i Aspevågen vil det vere ein fordel om sandputa som er planlagd som spreiningshindrande tiltak leggst minimum 5-10 meter lenger ut enn grensa for fyllingsfoten. Slik kan det verte eit kontinuerleg tildekkingslag over den forureina sjøbotnen når også *Renere fjord* settast i verk. Det må vurderast om det då skal etablerast eit erosjonslag oppå sandputa utanfor fyllinga, dette for å hindre at sandlaget vert erodert vekk med straum og propellpåverknad.

Kommunen opplyser vidare at massane som skal nyttast til utfylling skal testast i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar M-411 om testprogram for tildekkingsmassar. Prosjektet er òg i dialog med vegvesenet om tilgang til massar frå same tunnelprosjekt (Breivika-Lerstad) for om mogleg å kunne nytte desse som tildekkingsmassar. Resultatet frå slik testing av massar frå tunneldrivinga Breivika-Lerstad vil vere av interesse for prosjektet, og kommunen ynskjer at desse vert oversend.

Kommunen skriv òg at dersom det skulle skje at Kipervika Eiendom sitt utfyllingsprosjekt skal gjennomførast i det same tidsrommet som *Renere fjord*, vil det kunne vere ein fordel med dialog og samordning mellom prosjekta.

#### Ålesund kommune, kommuneoverlegen (08.03.2024)

Kommunen skal gjennom uttaler etter folkehelselova medverke til at folkehelsa vert tatt omsyn til av andre myndigheiter. Uttala er gitt etter § 4 i forskrift om miljøretta helsevern og med heimel i lov om folkehelsearbeid §§ 4, 8 og 33.

Kommuneoverlegen peiker på at det i søknaden vert opplyst at tiltaket vil medføre støy for bustadar i nærleiken og at tiltaket skal gjennomførast i tråd med gjeldande reglar for støy og at det berre skal arbeidast på dagtid. Vidare skriv kommuneoverlegen at det ikkje er utført vurdering eller kartlegging av tiltakets konsekvensar med omsyn til folkehelse. Det er ikkje nemnd om «dagtid» også inkluderer helg og heilag dagar. Dumping av steinmassar og transport og komprimering er støyande og støvande aktivitetar som kan gjeve stor ulempe for mellom anna naboar. Kommuneoverlegen saknar at spesielt støy som forureining vert nærare handsama og vektlagt i søknaden om godkjenning av tiltaket etter forureiningslova.

Kommuneoverlegen peiker òg på at lydbølgjer spreiar seg lett over vatn, og tiltaket vil derfor kunne få konsekvensar ikkje berre i sentrumsområda men òg på Hessa. Då anleggsperioden vil vere lang vil



bebuarar kunne oppleve tiltaket som ei belastning sjølv om grenseverdiane i rettleiaren vert overheld. Kommuneoverlegen ynskjer at det vurderast kva tiltak som må settast i verk for at ulempene skal verte minst moglege, og støyande arbeid sein kveld, natt og i helgar må så langt som mogleg unngåast. Ved behov må det stillast krav om tidsregulering av støyande arbeid. Det bør òg gjevast informasjon og varsling til naboar og publikum for å hindre konflikhtar. Utbyggjaren bør verte pålagt å utarbeide ein informasjons- og varslingsplan, og det må òg lagast ein tiltaksplan for å handsame støvflukt.

Kommuneoverlegen saknar ei samla vurdering av risikoen for helseulempar innanfor eit nærare definert influensområde for støyande og støvande arbeid. Kommuneoverlegen peiker på Statsforvaltarens ansvar for å vurdere konsekvensar for befolkningas helse i tråd med folkehelselova § 22 (statlege myndigheites ansvar).

#### Ålesund kommune, planavdelinga (30.01.2024)

Planavdelinga gjer merksam på eit rekkefylgjekrav (§ 8) som seier at hurtigbåtkaia i området skal reetablerast i Rådhusavnen eller flyttast til ei anna passande plassering. Det er òg bestemt at det innanfor GV9 kan etablerast ilandstigningsanlegg for hurtigbåt, og det er difor viktig at fyllinga med fyllingsfot og kaifront sikrar tilstrekkeleg seglingsdjupne for ei eventuell slik plassering.

Det er krav om etablering av parkeringshus/parkeringsanlegg under bakken i område J (visast på kart vedlagt uttala). Tiltakshavar bør i søkeprosessen greie ut om korleis ei utfylling vil påverke seinare realisering av parkeringskjellar. Utfyllinga må ikkje komplisere etableringa av denne slik at arealet vert mindre interessant som salgsobjekt.

Det er ynskje om fylling vidare austover mot Meierikaia. Planavdelinga forstår det slik at fyllinga i liten grad vil gå ut over det arealet som er regulert til vegføremål.

Det vart i 2018 sett i verk arbeid med revidering av bestemmingane i sentrumsplana. Planavdelinga skriv at forslag til endringar ikkje vil røre ved område vist i kart vedlagt uttala.

Kommunedelplan frå 2017 sett av området sør for tenkt utfylling til småbåtanlegg, men planavdelinga kan ikkje sjå at ei fylling vil skape utfordringar for ei slik seinare etablering.

Planavdelinga skriv vidare at et ikkje er registrert naturverdiar i området og at forureininga er kartlagt. Fyllinga vil vere av eit omfang som ikkje skal handsamast etter forskrifta om konsekvensutgreiingar (vedlegg II). Planavdelinga kan ikkje sjå at det er naudsynt å sette i verk ein eigen reguleringsprosess for ei mindre utfylling i sjø i dette området, men ber bygningsavdelinga vurdere ein dispensasjon frå arealføremål.

#### Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum (05.08.2024)

Sjøfartsmuseet skriv at det aktuelle området er klarert av dei. Området ligg i nærleiken til ballasthaugen (Askeladden-ID 123127), som er freda etter kulturminnelova § 14, men det er ikkje naudsynt å søkje om dispensasjon då områda ikkje overlappar.

#### Tiltakshavars kommentar til høyringsuttalene (25.06.2024)

Norconsult har på vegner av tiltakshavar skrive ein kommentar til uttalene.

Dei opplyser at dei no ynskjer å søke om ei utfylling på om lag 260 000 m<sup>3</sup> massar («trinn 1»), der utfyllinga ikkje vil gå så langt ut som det opphavleg vart søkt om. I ein komande søknad vil det



søkjast om ytterlegare utfyllingsvolum («trinn 2»). Trinn 1 opplysast å vere innanfor gjeldande reguleringsplan.

Det vert opplyst at tiltaksgjennomføringa er planlagd slik at det skal nyttast siltgardin ikring heile tiltaksområdet gjennom heile tiltaksperioden, og alt arbeid vil skje på innsida av dette. Det skal òg gjerast turbiditetsmålingar utanfor gardinet for å sikre at gardinet fungerer etter hensikta. Alarmgrensa for turbiditet er det planlagd å sette lågare i gyteperioden av omsyn til torsken. Utlegging av sandpute vil redusere spreieing av forureina massar frå sedimentet. Massane som skal nyttast i sandputa er vurdert å vere reine.

Statens vegvesen har gjort ei vurdering av om utfyllingsmassane kan ha innhald av syredannande bergartar. Deira notat var lagt ved kommentaren frå tiltakshavar. Vegvesenet meiner sulfid er konsentrert i nokre sprekkar utan stor utbreiing, som ikkje utgjør eit stort omfang samanlikna med totalvolumet av massar. Difor finn dei at sulfidinnhaldet i bergartane ikkje vil medføre ein vesentleg risiko. Det skal takast steinprøvar som skal analyserast (XRF-målingar og pH i vatn) for å dokumentere dette, og resultatata vil verte ettersend.

Norconsult skriv at torsken oftast gyter ved 40-100 meters djupne, mens tiltaksområdet er frå 0-20 meters djupne. Vidare skriv dei at kysttorsken vanlegvis botnslår ved 0-2 meters djupne og sjeldan vandrar til djupare vatn før den vert to år gamal. Då tiltaksområdet er eit aktivt hamneområde og har forureina sediment, meiner Norconsult at det ikkje er eit attraktivt funksjonsområde for torsken.

Det er planlagd vatning og salting av massane for å redusere støvproblematikk under arbeidet.

I prosjekteringa av fyllinga opplysast det å vere tatt omsyn til, og lagt til rette for, at ny hurtigbåtkai kan etablerast inn mot utfyllingsområdet. Løysinga opplysast å leggje til rette for bygging av parkeringskjellar i etterkant.

Norconsult skriv at sandputa som skal leggjast ut vil vere på 30-50 cm og skal hindre spreieing av forureina partiklar ved utfylling med sprengstein. Sandputa vil òg fungere som eit filterlag for porevatnet som vert pressa ut ved utfylling og i tillegg fungere som eit «kjemisk isolasjonslag». Innspelet frå kommunen om å legge sandputa ut til 5-10 meter utanfor fyllingsfoten vil verte følgd opp i vidare arbeid. Massane som skal nyttast i sandputa har blitt analysert for tungmetall, PAH, PCB og TBT, som alle var i tilstandsklasse I og II. Tildekkingsmassane vil vere mykje grovare enn dei stadlege massane, då tildekkinga inneheld 5 % leire og silt, mens stadlege massar inneheld meir enn 30 %. Dette opplysast å ville hindre overtrykk i sedimentet. Norconsult meiner risikoen for utvasking av finstoff vil verte redusert til eit minimum og at dei aktuelle massane er eigna til føremålet som sandpute, basert på kjemiske og fysiske analysar.

«Hovudtiltaket» vert oppgitt å vere i tråd med godkjende reguleringsplanar (sørsideplana frå 2015 og sentrumsplana frå 2000), men det er nokre justeringar og mindre tillegg som det er søkt om dispensasjon for. Desse vert oppgitt å liggje i overgangen mellom dei to planane. Norconsult meiner tilhøva det er søkt om dispensasjon for er i tråd med den arealmessige hovuddisponeringa i planane. Det har vorte skreve i ei av uttalene at Ålesund som følgje av tiltaket vil miste 400 meter med kaianlegg, men Norconsult finn at dette ikkje er relevant i tilknytning til søknad til Statsforvaltaren om løyve etter forureiningslova då tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.



Eit av innspela i høyringa var at forureininga på sjøbotnen bør fjernast før det fyllast ut. Norconsult svarar at tildekking av forureina sjøbotn ofte veljast framfor mudring då risikoen for mobilisering av miljøgiftene er større under mudring.

### **Ålesund kommune – godkjenning av dispensasjonssøknad 12.12.2024**

Ålesund kommune avd. plan og bygg godkjende i vedtak av 12.12.2024 søknad om dispensasjon for utfylling i sjø «i formålene annen veigrunn, gate med fortau, gangvei, park, trafikkområde i sjø og havneområde (HA1), motfylling utenfor regulert fyllingsfot, etablering av fylling i sjø uten samtidig å etablere parkeringskjeller». Det var sett som føresetnad for godkjenninga at tiltaket skulle vere godkjend av forureiningsmyndigheita ved søknad om igangsettingsløyve. I same brev vart søknad om utfylling i sjø, riving av kai og etablering av mellombels anleggskai godkjend.

Vi oppfattar at tiltaket slik det er søkt om i siste revisjon av søknaden om løyve etter forureiningslova med desse vedtaka frå kommunen er fullt og heilt i tråd med gjeldande bestemmingar etter plan- og bygningslova.

### **Kunnskapsgrunnlag og Statsforvaltarens vurderingar**

Ifylgje *Lov om vern mot forurensning og om avfall* av 13. mars 1981 (forureiningslova) § 7 er det forbode å sette i verk noko som kan medføre fare for forureining. Forureiningsmyndigheita kan gjeve løyve til verksemd som kan føre til forureining etter § 11 i same lov. Statsforvaltaren er av den oppfatning at det aktuelle tiltaket ved Kipervika kan medføre fare for forureining og at det difor er naudsynt med eit løyve etter forureiningslova § 11.

#### Sedimentforureining og spreining av forureining og partiklar

Ei rekke undersøkingar over mange år har vist at sjøbotnen i Aspevågen er sterkt forureina, jf. mellom anna Rambøll sine tiltaksplanar for *Renere fjord* og Rambølls rapport av 31.01.2022 som var lagt ved søknaden. Risikovurdering viser stadvis risiko for økosystem, spreining og human helse, og det er planlagd tiltak for å betre tilstanda. Dei planlagde tiltaka består i hovudsak av tildekking av sjøbotnen med eit lag med reine massar.

Området der det søkjast om utfylling er del av «delområde 3» i tiltaksplanen for Aspevågen. Planlagd tiltaksmetode i delområdet er tildekking av heile området med unntak av der det er bart fjell.

Når det skal fyllast ut med sprengsteinmassar i Kipervika vil det vere behov for avbøtande tiltak for å unngå at det virvlast opp og spreiest partiklar og miljøgifter under arbeidet. Det må òg syrgjast for at tiltaka i Kipervika vert i tråd med det som skal gjerast elles i prosjektområdet for *Renere fjord*-prosjektet slik at ikkje området vert ei mogleg kjelde til rekontaminering.

I høyringa kom det eit forslag om å mudre vekk det forureina laget før utfylling for å verte kvitt miljøgiftene. Ei slik løysing vil vere kostnadskrevjande då det vil medføre behov for å disponere ei betydeleg mengde forureina massar på forsvarleg vis, og mudring i området vil òg kunne medføre stabilitetsproblem. Å dekke til den forureina sjøbotnen med eit tilstrekkeleg tykt lag av reine massar som er eigna til føremålet før det fyllast ut med sprengstein vil både redusere risikoen for at det virvlast opp og spreiest forureining frå sedimenta under tiltaket og gjeve ei langsiktig immobilisering av miljøgiftene på sjøbotnen. Det er tildekking som er løysinga som er vald i oppryddingsprosjektet *Renere fjord Ålesund* etter at andre alternativ har vorte vurdert. Det er opplyst i søknaden om tiltaka i Kipervika at det er denne løysinga dei har planlagd der, og dei skriv at det skal leggjast ut ei 30-50 cm tykk sandpute med reine sandmassar i heile området som skal fyllast ut. Vi sett som vilkår i løyvet, jf. vilkår 4.6, at sjøbotnen skal dekkast til med eit tildekkingslag lag før det fyllast ut med sprengstein. Tildekkingslaget skal hindre at det virvlast opp og spreiest partiklar og miljøgifter under arbeidet og i





tillegg uskadeleggjere sedimentforureininga i området i eit langsiktig perspektiv. Massane som nyttast til tildekkinga må vere reine, jf. rettleiar M-411, og dei må vere eigna til føremålet. Som peika på i høyringsuttala frå kommunen, er det viktig å sikre god overlapp med *Renere fjord*-prosjektet ved tildekking. Tildekkinga må difor gjennomførast slik at dekket går ut til minimum 5-10 meter utanfor grensa for fyllingsfoten, jf. vilkår 4.6. Då det kan ta ei viss tid frå Sørsida-tiltaka gjennomførast til *Renere fjord* vert sett i verk, må tildekkinga som etablerast utanfor fyllingsfoten sikrast på forsvarleg vis mot erosjon slik at laget ikkje eroderer vekk før oppstart av prosjektet. Erosjonssikringa skal etablerast der det ut ifrå ei fagleg vurdering av djupne, straumtilhøve og mogleg påverknad frå skipspropellar er naudsynt for å halde på tildekkingslaget.

Analyseresultat for massane som var planlagd nytta til tildekking vart ettersend 13.02.2024. I to av tre prøvar var alle analyserte parameter (metall, organiske miljøgifter, TBT, TOC (totalt organisk karbon), etc.) godt innanfor grenseverdiane i tildekkingsrettleiaren M-411. I den eine prøven var det mindre overskridingar for TOC og kvikksølv. Gjennomsnittet av dei tre prøvane er innanfor grenseverdiane for alle parameter. Norconsult skriv i e-postar av 21.08.2024 og 23.08.2024 at det ved opplasting av dei aktuelle massane vil syrgjast for at massar som ved visuell observasjon har høgt humus-/organisk innhald unngåast, og at det er desse massane som har overskridingar av TOC og kvikksølv. Det vart 29.08.2024 av Norconsult send inn ytterlegare analysar av massar som planleggast nytta til sandpute, no av dei same massane som skal nyttast i *Renere fjord*-prosjektet. Desse massane er prøvetatt og vurdert av WSP og Rambøll (jf. Rambølls datarapport av 19.08.2024), og har eit lågt miljøgiftnivå (berre tilstandsklasse I og II) og er vurdert å kunne nyttast til tildekking av sjøbotnen i *Renere fjord*-prosjektet.

For å redusere risikoen for uheldig spreining av partiklar og miljøgifter skal det nyttast siltgardin under utfyllingsarbeidet, jf. vilkår 4.7 i løyvet. Søkjaren har opplyst i søknaden at dei planlegg å nytte siltgardin ikring tiltaksområdet. Siltgardinet må dimensjonerast og plasserast slik at det i størst mogleg grad hindrar spreining ut av området der det arbeidast. Det må etablerast ein rutine for regelmessig kontroll av at siltgardinet er intakt/uskadd, ligg godt på plass og fungerer etter hensikta.

Det skal gjennomførast overvaking med turbiditetsmålingar under tiltaksarbeidet for å ha kontroll på partikkelspreiinga og kontrollere at siltgardinet fungerer etter hensikta, jf. vilkår 5.1-5.4. Turbiditetsmålingane må utførast i tråd med Norsk Standard 9433:2017 *Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster*, og eit program for turbiditetsmålingane skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal i god tid før arbeidet startast opp.

#### Avfall og marin forsøpling

Sprengsteinmassar inneheld ofte, avhengig av sprengingsmetodikk, sprengtrådrestar og liknande avfall som kan gjeve opphav til marin forsøpling dersom dei nyttast til utfylling i sjø. Marin forsøpling er eit stort problem langs kysten og kan føre til at det vert danna mikroplast. Søkjaren har oppgitt at det skal nyttast sprengstein frå tunneldriving i Brevika-Lerstad-prosjektet. Statens vegvesen har informert søkjaren om at sprenginga vil verte utført med elektroniske tennarar slik at risikoen for marin forsøpling ved utfylling vert redusert. Vidare opplyser søkjer at synleg avfall vil verte fjerna før dei fyllar ut med massane og at det er planlagd å nytte siltgardin, noko som vil redusere spreining av suspendert plast frå massane. Plast som observerast på overflata opplyser søkjer at vil verte samla opp.

I vilkår 4.5 i løyvet har vi sett krav til handsaming av plast- og avfallsproblematikk under tiltaket for å i størst mogleg grad unngå marin forsøpling.



### Naturmangfald og fiskeriinteresser

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane våre har hatt utgangspunkt i informasjon vedlagt søknaden og i rapportar frå *Renere fjord Ålesund*-prosjektet. Vi har òg nytta informasjon i høyringsuttalene og informasjon tilgjengeleg i nettbaserte databasar som GisLink og Fiskeridirektoratets kartverktøy. Vi finn at den føreliggande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og kan ikkje sjå nokon spesiell grunn til å leggje vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

I Gis-databasen er det registrert eit yngleområde for ærfugl ved Bålholmen, ca. 450 meter søraust for tiltaksområdet. Avstanden er betydeleg og vi kan ikkje sjå at fuglane vil verte vesentleg påverka av støy og andre forstyrningar frå tiltaket. Tiltaka som skal gjerast mot spreining av partiklar og miljøgifter vil beskytte matsøkjande fuglar.

Ved Aspa er det registrert ein større tareskogførekomst ca. 375 meter sør for tiltaksområdet. Førekomsten er verdivurdert som viktig. Rambøll har i tilknytning til *Renere fjord*-prosjektet utført kartlegging av tareskog ved Aspa og Bålholmen, jf. Rambøll-notat 1350046044, datert 24.04.2023. Undersøkinga vart utført ved videokartlegging med undervassdrone. Tare vart påvist ved både Aspa og Bålholmen, med sukkertare som den dominerande arten. Det vart observert både stimar og enkeltindivid av fisk ved tareskogen ved Aspa, i tillegg til blautdyr. Rambøll skriv at tareskogar har ein viktig økologisk funksjon som habitat for fisk, blautdyr og krepsdyr og som søkjeområde for sjøfuglar på jakt etter næring. Rambøll anbefalar at ein søkjer å unngå skade på tareskogførekomstane ved Aspa og Bålholmen under oppryddingstiltaka i Aspevågen. Siltgardin og turbiditetsmålingar skal beskytte tareskogen mot partiklar og miljøgifter frå tiltaket i Kipervika, jf. vilkår 4.7 og 5.1-5.3.

I Fiskeridirektoratets kartverktøy er det registrert eit stort gyteområde for torsk som omfattar Aspevågen og tilgrensande sjøområde, tiltaksområdet i Kipervika inkludert. Dette er gyteområdet til borgundfjordtorsken, og reknast som nasjonalt viktig med gytefeltverdi 6. Gytefeltet har mange egg og stor eggretensjon, noko som har vorte verifisert i fleire undersøkingar. Fiskeridirektoratet har i si uttale til søknaden anbefalt å legge utfyllingstiltaka utanom torskens gyte- og oppvekstperiode, og vist til ei tidlegare anbefaling frå HI. Dei opplyser at gyte- og oppvekstperioden er perioden frå 1. januar til 15. juni for borgundfjordttorsken.

Utfyllingstiltaket ved Kipervika er eit stort prosjekt som vil vere svært tid- og arbeidskrevjande å gjennomføre, og er også eit samfunns viktig prosjekt i byutviklingssamanheng og ei føresetnad for utbygging i området. Prosjektet i Kipervika er òg viktig for gjennomføringa av *Renere fjord*-prosjektet. Tiltaka i Kipervika er no vesentleg forsinka, og det er viktig for prosjektet at ein no kjem snart i gong med arbeidet. Ut i frå ei samla vurdering av samfunnsnytta ved prosjektet sett opp mot miljøulempa ved tiltak i sjø i gyte- og oppvekstperioden, finn vi at det må vere akseptabelt å utføre tiltak i denne perioden i 2025, slik at prosjektet kan kome i gong, jf. vilkår 4.8. Ved eventuelt arbeid i sjø innanfor denne perioden sett vi krav om *dobbelt siltgardin*, jf. vilkår 4.7, og strengare krav til turbiditetsmålingane, jf. vilkår 5.3. Av omsyn til torsken opnast det berre for tiltak i sjø i gyte- og oppvekstperioden i 2025, ikkje dei neste åra, dette for å redusere belastninga som torsken vert utsett for over tid, jf. vilkår 4.8.

Sentralt i Aspevågen er det registrert eit større område med fiskeplassar for passive reiskap. Der fiskast det etter artane torsk, hyse og sei med settegarn og juksa/pilk i periodane mars-mai og august-oktober. Det er noko over 200 meter frå tiltaksområdet til fiskeplassens nordre avgrensing. Tiltaka som skal gjerast mot spreining av partiklar og miljøgifter under utfyllingsarbeidet vil motverke uheldig spreining til fiskeplassane, men vi oppmodar til dialog med lokale fiskarar.



Ingen aktive akvakulturlokaliteter er registrert i nærleiken til tiltaksområdet.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastinga som økosystemet vert utsett for. Tiltaket skal gjerast i eit byområde, altså eit område som allereie ber stort preg av menneskeleg utbygging og aktivitet. Det er sett vilkår i løyvet om avbøtande tiltak som skal motverke uheldig påverknad på naturmangfaldet og fiskeriinteressene ved spreiding av partiklar og miljøgifter og andre forstyrningar. Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil gjeve eit bidrag til samla belastning som er uakseptabelt stor vurdert opp mot samfunnsnytta ved tiltaket.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltaket sin karakter og den eventuelle skada. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekke eventuelle kostnadar av avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyvet. Vilkåra er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, som sett krav om at det skal nyttast miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skade på naturmangfaldet.

#### Vassforskrifta

Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta), normalt ikkje utførast dersom tiltaket vil medføre ei forverring av vassførekomstens økologiske status.

Det aktuelle tiltaket skal utførast innanfor vassførekomsten *Aspevågen*. I databasen *Vann-nett* er *Aspevågen* registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Fastsettinga av økologisk tilstand har lav presisjon og kjemisk tilstand middels presisjon. Vurderinga av status er basert på mellom anna ei rekke undersøkingar av forureina sediment i tilknytning til *Renere fjord Ålesund*-prosjektet. Tiltaket vil medføre risiko for at det virvlast opp og spreiest miljøgifter og partiklar under utføringa, men det skal gjerast avbøtande tiltak for å motverke dette. På sikt vil tiltaket kunne vere positivt for vassførekomsten då det gjev permanent tildekking av forureina sjøbotn.

#### Støy og støv

Utfyllingsarbeid kan medføre støy som fylgje av mykje anleggstrafikk og handsaming av større mengder steinmassar. Tiltaket skal utførast sentralt i Ålesund by, med mange bebuarar og andre som ferdast eller jobbar i byen som potensielt kan verte påverka av støy frå anleggsarbeid, både i sentrumsnære område og over vågen mot Hessa.

Søkjaren opplyser at tiltaket vil verte utført i tråd med gjeldande regelverk for støy og at det berre vil verte utført arbeid på dagtid.

Arbeidet må utførast i tråd med retningslinjene i rettleiaren *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2016) og retningslinjene for støy i planbestemmingane for området, jf. vilkår 3.6 i løyvet. Tiltakshavar må unngå støyande aktivitetar kveld og natt og i størst mogleg grad i helgar og på heilagdaggar. Moglege støyulemper må kartleggast og det må vurderast kva tiltak som kan gjerast dersom tiltaket medfører uakseptabel støy. Det må etablerast varslingsrutinar retta mot dei som kan verte mest påverka av støy frå tiltaket og syrgjast for at dei får tilstrekkeleg informasjon om støyande aktivitet.



Tiltakshavar må òg syrgje for at det gjerast tiltak etter behov mot støvdrift som kan vere til ulempe for naboar og dei som ferdast eller jobbar i området, jf. vilkår 4.9 i løyvet. Tiltak kan vere til dømes vatning eller tildekking av massane.

### Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra meiner vi at tiltaket ikkje vil medføre forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor vege opp imot samfunnsnytta ved tiltaket.

### **Varsel om sakshandsamingsgebyr**

Vi syner til vårt varsel av 08.02.2024 om sakshandsamingsgebyr. Vi varsla gebyr under gebyrsats 6, jf. *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova § 39-3 og § 39-4.

Denne saka har vore vesentleg meir ressurskrevjande enn fyrst antatt, mellom anna på bakgrunn av mange høyringsinnspel og at søknaden gjentatte gonger vart revidert. Vi finn det difor riktig å varsle nytt gebyr, no under gebyrsats 4. Gebyrsats 4 svarar til eit kronebeløp på kr 133 000 etter ei justering av satsane sumaren 2024.

Vår ressursbruk knytt til sakshandsaminga vert lagt til grunn ved fastsetting av gebyrsats. Her omfattast gjennomgang og høyring av søknaden, korrespondanse og møte med søkjaren og utarbeiding og ferdigstilling av løyvet, i tillegg til innsats frå ulike fagpersonar hos Statsforvaltaren.

Eventuelle kommentarar til varselet om gebyr skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan to veker, jf. forvaltingslova § 16. Vedtak om gebyr vil verte fatta før utsending av faktura, og vedtaket vil kunne klagast på.

Reglane om innkrevjing av gebyr til statskassa for Statsforvaltaren sine konsesjonshandsamingar og kontrollar finnast i forureiningsforskrifta kapittel 39 og kan lesast på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no).

### **Erstatningsansvar**

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

### **Klagemoglegheiter**

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova, av partane i saka eller av andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Dersom vedtaket klagast på, kan Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet på førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av tiltaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan på oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.



## Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet vart gjeve. Bedrifta kan nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Her er vårt forslag til kunngjeringstekst:

*Kipervika Eiendom AS får løyve etter forureiningslova til utfylling tilsvarande om lag 165 800 m<sup>3</sup> massar (hovudfylling) ved Sørsida/Kipervika i Ålesund. I tillegg til hovudfyllinga omfattast etablering av motfyllingar, mellombels kai, anleggsveg og tildekkingslag på sjøbotnen.*

*Vedtak med løyve og informasjon om klagemoglegheiter kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, [www.statsforvalteren.no/Mr](http://www.statsforvalteren.no/Mr), under «Kunngjeringar». Klage eller kommentarar til vedtaket kan sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan tre veker.*

## Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan gjevast til sakshandsamar på e-post [thomas.aurdal@statsforvalteren.no](mailto:thomas.aurdal@statsforvalteren.no).
- Løyvet er gyldig til 31.12.2027
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.2 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan seks veker etter at tiltaksarbeidet er ferdig.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Løyve til utfylling

Kopi til:

|                                   |                      |                 |
|-----------------------------------|----------------------|-----------------|
| ÅLESUND KOMMUNE                   | Postboks 1521        | 6025 ÅLESUND    |
| FISKERIDIREKTORATET               | Postboks 185 Sentrum | 5804 BERGEN     |
| Lars Martin Fugledal              | Sjømannsvegen 31     | 6008 Ålesund    |
| Håkon-Gunnar Sætre                | Eikremsvegen 111     | 6036 Mauseidvåg |
| KYSTVERKET                        | Postboks 1502        | 6025 ÅLESUND    |
| ÅLESUNDREGIONENS HAVNEVESEN       | Postboks 1521        | 6025 ÅLESUND    |
| STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM | Postboks 7800        | 5020 BERGEN     |

